



Nærings- og fiskeridepartementet

## Vedtaksbrev

Dykkar ref.

Vår ref.  
16/457-2/FA - U43, HistSak -  
15/1942/317

Stad/Dato:  
29.02.2016

### Høyring av forslag til innretning om havbruksfondet

Kommunestyret (KS) 10.02.2016- 015/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### **Innstilling til vedtak:**

Øygarden kommunestyre er positive til forslaget om å etablere havbruksfond for utbetaling av vederlag til kommunane.

Akvakulturnæringa er ei viktig næring. Men det er rimeleg at kommunane får kompensasjon for eksklusivt å tilretteleggje areal for denne næringa, samt for dei ulemper som næringa også fører med seg.

Fordelingsnøkkelen etter lokalitets-MTB er enkel å forhalde seg til og sikrar størst andel til kommunar med mest oppdrett. Kommunestyret tilrår at denne form for fordelingsnøkkel vert brukt.

Kommunestyret tilrår at utbetaling av vederlag skjer i form av umiddelbar utbetaling.

Med helsing

Lene Merete Rabben

Besøksadresse  
Øygarden rådhus

Postadresse  
Temholmvegen 2,  
5337 RONG

Konto.nr.  
1503 23 43969

Org.nr.  
938 766 223

Telefon  
56 38 20 00

Telefaks  
56 38 22 31

E post  
[postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)

fagansvarleg landbruk og miljø



## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	10.02.2016	015/16

**Arkiv: FA - U43, HistSak - 15/1942**  
**Sakshandsamar:Lene Merete Rabben**

**Arkivsaknr: 16/457 - 1**

### Høyring av forslag til innretning om havbruksfondet

#### Kort om saka:

Den norske oppdrettsnæringa har hatt ein sterk vekst over fleire tiår (dobla produksjon av laks/aure sidan 2005) og har utvikla seg til å bli ein viktig næring for kystkommunane. Regjeringa vil legge til rette for ein vidare berekraftig næringsvekst der kommunar som stiller areal til rådighet bør oppleve større positive ringvirkningar frå aktiviteten. I Meld. St 16 (2014-2015) «Havbruksmeldinga» er det foreslått at store deler av vederlaget for nye konsesjoner, bør gå til berørte kommunar (70 prosent andel til kommunar, 10 pst til fylkeskommunar og 20 pst til stat). Ved tildeling av auka produksjonskapasitet på eksisterande konsesjonar vil vederlagsfordelingen mellom stat og kommune vere 50/50. I tillegg skal eit oppretta havbruksfond sikre rimeleg fordeling av vederlaget mellom alle fylkeskommunar og kommunar med oppdrettsverksemd.

Høyringsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet tar for seg:

- Korleis fordelinga i kommunal sektor skal skje (ulike fordelingsnøklar foreslås)
- Fondets utbetalingar (kor mykje og kor ofte)
- Administrasjon av fondet

Departementet ber om innspel og høyringsfrist er 18.februar 2016.

#### **Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:**

Akvakulturlova

#### **Saksopplysningar:**

I havbruksmeldinga vert det lagt opp til å dele kysten inn i 11-13 produksjonsområder. Miljøindikatorar skal gje grunnlag for om det er forsvarleg å auka produksjonen i områda. Tildelt produksjonskapasitet og dermed storleik på inntektene til havbruksfondet vil mellom anna avhenge av lakselussituasjonen.

Noko som er greitt å ha føre seg, før vidare skildring av departementets forslag til korleis desse midlane frå havbruksfondet skal utbetalast, er omgrepet **MTB** som betyr **maksimal tillatt biomasse** (produksjonskapasiteten som oppdrettsanlegget på lokalitetsnivå har fått løyve til).

#### Kor store inntekter skal fordelast på kommunane- forslag til mulige fordelingsnøkler

1. **Lik fordeling** vurderes til å gje urimelige utslag (grunna store forskjeller i oppdrettsverksemdar mellom kommunane).
2. **Fordeling etter lokalitets-MTB** sikrer kommunane med mest oppdrett størst andel av inntektene. Blir skildra som ein forutsigbar og stabil fordeling. Ein potensiell ulempe er at opp mot 50-55 prosent av lokalitetane til ein kvar tid er brakklagt, noko som kan føre til stor variasjon i kva grad lokalitets-MTB faktisk utnyttast. Fordeling etter lokalitets-MTB sikrer derfor ikkje at kommunane som faktisk har mest oppdrett i sine områder får mest igjen. Departementet ser i utgangspunktet ikkje at ein slik fordelingsnøkkel gjer urimelige utslag, men ber om innspel til fordelinga (fordeling utfra faktisk bruk av lokalitets-MTB vil være mer krevende å gjennomføre). Eit uklipp frå høyringsbrevets vedlegg (sjå figur 1) viser eit eksempel på ein slik fordeling til kommunane der Øygaardens potensielle inntekter er utheva. Fondets inntekter er tilfeldig valde verdier på hhv. 500 mill. kroner, 1 milliard kroner og 2 milliarder kroner.
3. **Fysisk arealbeslag** som utgangspunkt for ein fordeling (kommunen vil få oversikt over areala gjennom søknadsprosessen). Skildrast som eit relativt likt utfall samanlikna med **fordeling etter lokalitets-MTB**, men som eit meir krevjande alternativ.
4. **Fordeling basert på slaktevolum** (muleg ettersom mengde rapporast gjennom Altinn). Kommunane med dei mest produktive lokalitetane blir premiert og alternativet stimulerar også kommunane til å tilrettelegge for dei mest produktive areala. På den andre sida vil slaktevolum på nye oppdrettslokaliteter ta tid (ikkje gje umiddelbar økt inntekt) og det kan bli store svingningar i slaktevolum frå år til år (grunna sykdomsutbrudd, rømning osv).
5. Et alternativ til at departementet legg fast ein fordelingsnøkkel er at kommunane sjølv blir enige om fordelinga seg imellom. Stadig fleire kommunar går no saman om å utarbeide felles kystsonoplanar, og det kan tenkast at kommunane i samanheng med dette arbeidet kan sjå seg tent med ein annan fordeling av vederlaget enn det ein fordelingsnøkkel basert på lokalitets-MTB skulle seia. Utbetaling vil eksempelvis kunne skje til eit regionråd, som så fastsetter fordeling av inntektene på "sine" kommuner (vil vere krevjande å bli enige, samt medføre større administrasjonsbehov).
6. **Innspel til andre hensiktsmessige fordelingsnøkler?**

## VEDLEGG 1

### Fordeling av samlet proveny på hhv. 500 mill. kroner, 1 mrd. kroner og 2 mrd. kroner på kommuner basert på lokalitets-MTB per 10.11.2015

Kommunenavn	Lokalitets-MTB per kommune	Andel av samlet lokalitets-MTB	Inntekter fra proveny på 500 mill. kroner	Inntekter fra proveny på 1 mrd. kroner	Inntekter fra proveny på 2 mrd. kroner
VEFSN	3120	0,10 %	512 995	1 025 990	2 051 981
VEGA	9180	0,30 %	1 509 390	3 018 779	6 037 558
VESTNES	9360	0,31 %	1 538 985	3 077 971	6 155 942
VESTVÅGØY	15600	0,51 %	2 564 976	5 129 951	10 259 903
VEVELSTAD	11700	0,38 %	1 923 732	3 847 464	7 694 927
VIKNA	57720	1,90 %	9 490 410	18 980 820	37 961 640
VINDAFJORD	13615	0,45 %	2 238 599	4 477 198	8 954 396
VOLDA	12480	0,41 %	2 051 981	4 103 961	8 207 922
VÅGAN	29250	0,96 %	4 809 329	9 618 659	19 237 318
VÅGSØY	15600	0,51 %	2 564 976	5 129 951	10 259 903
ØKSNES	31680	1,04 %	5 208 874	10 417 747	20 835 495
ØRSTA	11700	0,38 %	1 923 732	3 847 464	7 694 927
ØYGARDEN	24960	0,82 %	4 103 961	8 207 922	16 415 844
ÅFJORD	27300	0,90 %	4 488 707	8 977 415	17 954 830
<b>Totalsum</b>	<b>3040964,5</b>	<b>100,00 %</b>	<b>500 000 000</b>	<b>1 000 000 000</b>	<b>2 000 000 000</b>

Kilde: Fiskeridirektoratets akvakulturregister. Utskriftsdato 10.11.2015

Figur 1. Utdrag frå kommunelista, totalt 160 kommunar med oppdrettsverksemd (heile lista er å finne i høyringsbrevet). Merk at fondets beløp på 500.mill, 1mrd og 2 mrd kroner i dette eksempelet er tilfeldig valgte verdier.

#### Er incentiveeffekten tilstrekkeleg ivaretatt?

Departementet ber også om innspel på om incentiveeffekten er tilstrekkelig ivaretatt ved fordeling fullt ut etter eksisterande MTB eller andre fordelingsnøklar, eller om kommunar som øker sin lokalitets-MTB gjennom nytildelingar eller utvidingar bør premieres ytterligare utover at dei kan øke sin andel av fondet. Dersom ein mener at incentiveeffekten ved fordeling fullt ut basert på eksisterande lokalitets-MTB ikkje er tilstrekkelig, kan eit alternativ vere å reservere ein andel av kommunanes inntekter til fordeling på kommunar som har klarert nye lokaliteter/utvida eksisterande lokaliteter. Sjømat Norge har i sitt foreløpige innspill foreslått at en mindre andel av kommunanes inntekter fordeles på denne måten. Steigen kommune har i sitt foreløpige innspill tatt til orde for at 80 prosent av kommunanes inntekter reserveres for kommunar som får økt produksjon som følge av økt konsesjons-MTB. Tre forslag til stimulering til ny klarering/ utviding av nye egne lokaliteter er også omtalt i høyringsbrevet:

- Ein avsetting av fast andel av fondet til fordeling på kommunar kan vere utfordrande, ettersom det kan føre til store utbetalningar til enkeltkommunar som klarer nye lokaliteter- kan gje urimelig fordeling.
- Et anna alternativ som vil kunne gi ein økt incentiveeffekt er å la nye lokaliteter telle dobbelt so mykje som eksisterande lokaliteter (det samme gjelder utviding på allereie klarerte lokaliteter).
- Et tredje alternativ er å setja av ein andel av fondet til fordeling på dei kommunane

som aukar lokalitets-MTB. Inntektene fordelast likt på desse kommunane, uavhengig av økinga. Inneber ein eigen fordelingsnøkkel for denne delen av inntektene- meir kompleks fordeling.

#### Fondets utbetalingar (kor mykje og kor ofte)

Kommunanes inntekter fra havbruksfondet vil vere frie midlar som kommunane vil stå fritt til å disponere slik dei ynskjer. Kor vidt inntekten skal førast i drifts- eller investeringsrekneskapen vurderast ut frå dei generelle rekneskapsreglane for kommunesektoren, men forslaget i dette høyringsnotatet legg opp til at inntektene for dei kommunane det gjeld no vil koma med jamne mellomrom.

**Årleg utbetaling** frå fondet som er føreseieleg og gjev jevne inntekter til kommunane er ofte mest ønskjeleg. Utfordringa ved ein slik utbetaling (etter for eksempel tildeling av ny kapasitet) vil vere at kommunal sektors inntekter må holdast tilbake for å spreiaast utover fleire år. Kommunen vil miste renteinntekter på dette ettersom dei blir inntektsført på statsbudsjettet i mellomtida. Dersom det faktisk opprettes ein eigen eining som skal forvalte inntektene vil det også medføre økte kostnader til denne administrasjonen. Departementet antar at det vil vere ulike oppfatningar blant kommunane og fylkeskommunane om korleis midlane best kan benyttast. Ved umiddelbar utbetaling, vil kommunane og fylkeskommunene sjølv kunne ta stilling til bruken av sin andel av inntektene.

Det er satt opp tre alternative modeller for utbetaling frå fondet (sjå tabell 1 og 2):

1. Umiddelbar utbetaling
2. Fast utbetaling
3. Prosentvis utbetaling

Tabell 1. Utbetalingsmodellene blir samanlikna og kort skildra.

<b>Ordning</b>	<b>Fordeler</b>	<b>Ulemper</b>	<b>Merknad</b>
<b>Alternativ 1: umiddelbar utbetaling</b>	Ingen utfordringer med forvaltning sentralt. Kommuner og fylkeskommuner kan få renter på sin andel av inntektene eller bruke midlene til drift.	Ujevn inntektsstrøm.	Det forvaltningsmessig enkleste alternativet som sikrer at midlene kommer i bruk eller overlater ev. forvaltning til den enkelte kommune. Midlene kan disponeres fritt av kommunene – også til drift.
<b>Alternativ 2: fast utbetaling</b>	Sikrer jevne utbetalinger. Gir maksimal forutsigbarhet.	Vanskelig å fastsette riktig størrelse på utbetalingene, mye midler bindes opp i fondet. Forvaltningsutfordringer.	Alternativet kan bidra til forutsigbarhet for den enkelte kommune, gitt at anslagene på fremtidige inntekter er riktige. For å sikre seg mot at fondet går i minus, bør man "gjette lavt" på størrelsen. Dette gjør at midler vil bli stående ubenyttet, og skaper et behov for forvaltning. Det reiser spørsmål om hvordan midlene skal forvaltes – bl.a. av hvem og med hvilken risikoprofil. Det kan bli nødvendig å justere størrelsen om det skulle vise seg at man har gjettet feil.
<b>Alternativ 3: prosentvis utbetaling</b>	Mindre variable utbetalinger enn alternativ 1. Sikrer at fondet ikke tømmes.	Mindre jevne utbetalinger enn alternativ 2. Forvaltningsutfordringer. Midler står ubenyttet.	Gir relativt jevne utbetalinger og dermed forutsigbarhet. Samtidig blir det utfordringer med sentral forvaltning av midlene, samt at en andel av midlene til enhver tid står ubenyttet.

Tabell 4: Sammenligning av ulike modeller for utbetaling.

Tabell 2 viser eksempelbeløp for ein tenkt kommune under dei ulike utbetalingsordningane frå havbruksfondet, der kommunen har rett på en 1% andel av samla proveny. I døme blir det antatt at det betalast henholdsvis 1 mrd. og 200 millioner kroner til fondet i dei to vekstrundane under fireårsperioden (det er også brukt eksempelsatser/beløp for fast og prosentvis utbetaling).

	Kommunens inntekt og rest hvert år	Umiddelbar utbetaling	Fast utbetaling: to eksempelbeløp som utbetales årlig		Prosentvis utbetaling: to eksempelsatser med jevn fordeling over to år	
			100 mill.	300 mill.	50%	80%
År 1, innbetaling 1 mrd. kr	Utbetalt beløp	10 mill.	1 mill.	3 mill.	2,5 mill.	4 mill.
	Resterende midler	0	9 mill.	7 mill.	7,5 mill.	6 mill.
År 2, innbetaling 0 kr	Utbetalt beløp	0	1 mill.	3 mill.	2,5 mill.	4 mill.
	Resterende midler	0	8 mill.	4 mill.	5 mill.	2 mill.
År 3, innbetaling 200 mill. kr	Utbetalt beløp	2 mill.	1 mill.	3 mill.	1,75 mill.	1,6 mill.
	Resterende midler	0	9 mill.	3 mill.	5,25 mill.	2,4 mill.
År 4, innbetaling 0 kr	Utbetalt beløp	0	1 mill.	3 mill.	1,75 mill.	1,6 mill.
	Resterende midler	0	8 mill.	0	3,5 mill.	0,8 mill.

Tabell 5: Utbetalinger til en kommune med 1 prosent av samlet proveny under forskjellige utbetalingsordninger

**Økonomiske konsekvensar:**

Auka inntekter

**Miljøkonsekvensar:**

Ingen



**Folkehelseperspektiv:**

Ikkje relevant

**Vurdering og konklusjon:**

Fordelingsnøkkelen etter lokalitets-MTB er enkel å forhalde seg til og sikrar størst andel til kommunar med mest oppdrett. Øygarden kommune er av dei kommunane i landet med mest oppdrett med 0,82% av samlet lokalitets-MTB (Sund og Fjell kommune har kvar for seg 0,45%).

Ved umiddelbar utbetaling kan kommunen ta ansvar for bruken av sin andel av inntektene og ein vil unngå meir kostnader knytta til ein administrasjon som må opprettast dersom andre utbetalingsordningar nyttast. I tillegg vil kommunen unngå å tapa renteinntekter (pga midlane ikkje haldast tilbake). Dette er det mest lønsomme alternativet, men samtidig det mest altermativet som er minst føreseieleg.

**Innstilling til vedtak:**

Øygarden kommunestyre er positive til forslaget om å etablere havbruksfond for utbetaling av vederlag til kommunane.

Akvakulturnæringa er ei viktig næring. Men det er rimeleg at kommunane får kompensasjon for eksklusivt å tilretteleggje areal for denne næringa, samt for dei ulemper som næringa også fører med seg.

Fordelingsnøkkelen etter lokalitets-MTB er enkel å forhalde seg til og sikrar størst andel til kommunar med mest oppdrett. Kommunestyret tilrår at denne form for fordelingsnøkkel vert brukt.

Kommunestyret tilrår at utbetaling av vederlag skjer i form av umiddelbar utbetaling.

**Behandling i Kommunestyret (KS) 10.02.2016:**

---

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga (22 av 22 røyster).

## **Vedtak i Kommunestyret (KS) - 015/16**

### **Innstilling til vedtak:**

Øygarden kommunestyre er positive til forslaget om å etablere havbruksfond for utbetaling av vederlag til kommunane.

Akvakulturnæringa er ei viktig næring. Men det er rimeleg at kommunane får kompensasjon for eksklusivt å tilretteleggje areal for denne næringa, samt for dei ulemper som næringa også fører med seg.

Fordelingsnøkkelen etter lokalitets-MTB er enkel å forhalde seg til og sikrar størst andel til kommunar med mest oppdrett. Kommunestyret tilrår at denne form for fordelingsnøkkel vert brukt.

Kommunestyret tilrår at utbetaling av vederlag skjer i form av umiddelbar utbetaling.

Siri Fahlvik Pettersen  
Rådmann

Lene Merete Rabben  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*